



NVE Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

## Uttale - Neset Kraft AS søker om regulering av Sætravatn, Ljosvatn, Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn, Lund kommune

Vi viser til høyringsbrev av 04.01.19, der NVE ber om uttale til omsøkt regulering av Sætravatn samt regulering av Ljosvatn, Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn i Lund kommune.

### Bakgrunn

NVE har mottatt to søknadar frå Neset Kraft AS, datert 07.12.18, om løyve til å regulere fire vatn til kraftproduksjon i Lund kommune. Reguleringane vil nyttast i Vestre Neset, Austre Neset og Nedre Neset kraftverk, som alle allereie er utbygd.

#### *Regulering av Sætravatn*

Neset Kraft AS søker om å regulere Sætravatn med 80 cm i perioden 01.05-30.09 og 90 cm i perioden 01.10-30.04. Vatnet skal regulerast mellom kote 379,6 og 380,4 i sommarperioden og 379,5 og 380,4 i vinterperioden. Ein regulering av Sætravatn vil gi ein total auke i produksjonen på 0,14 GWh i Vestre Neset og Nedre Neset kraftverk. Det er planlagt eit minstevassføringslepp på 50 l/s frå Sætravatn.

#### *Regulering av Ljosvatn, Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn*

Neset Kraft AS søker om å regulere Ljosvatn, Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn. Ljosvatn er regulert med 10 cm i dag og det blir nå søkt om å auke reguleringa til to meter, mellom kote 402,7 og 404,7. Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn er ikkje regulert i dag og det er søkt om å regulere vatna med hhv. 4 og 3 meter. Åmstadvatn skal regulerast mellom kote 463,4 og 467,4 medan Øvre og Nedre Rundtjørn skal regulerast mellom kote 442,4 og 445,4. Ei regulering av dei tre vatna vil gi ein samla auke i produksjon på 1,35 GWh i Austre Neset og Nedre Neset kraftverk. Det er planlagt minstevassføring på 30 l/s frå Ljosvatn og 50 l/s frå Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn.

### Fylkesmannen si vurdering



### *Regulering av Sætravatn*

I søknad om konsesjon for regulering av Sætravatn, datert 07.12.18, viser Neset Kraft AS til at Sætravatnet i prinsippet er regulert som følgje av at det ved utlaupet er etablert ein dam-/terskelkonstruksjon. Konstruksjonen skal vere etablert i samband med bygging av landbruksveg og ny bru på 2000-talet. Fylkesmannen er kjent med at det skal vere bygd ein landbruksveg i området, men er ikkje kjent med den omtalte konstruksjonen som ifølgje søknaden fører til ei oppdemming av vatnet og derfor høg vasstand og flaumproblem oppstraums. Dersom denne innretninga ikkje er gitt konsesjon til, meiner Fylkesmannen at ein må ta utgangspunkt i vasstanden i Sætravatnet og vassføringa ut i Sætraåna slik situasjonen var før konstruksjonen blei etablert, jf. vassressurslova §66 første ledd (*forholdet til eldre tiltak*). Dette spesielt med tanke på at Sweco ved elfiske i Sætraåna fant god rekruttering av aure<sup>1</sup>. Det må sikrast tilstrekkeleg vassføring som held ved lag påvist rekruttering. Effektar av dagens «regulering» må òg belysast nærare.

Fylkesmannen er kjent med fleire reirlokaltetar for rovfugl i nærleiken av Sætravatnet (<1 km). Lokalitetane ligg derimot meir enn ein kilometer frå utlaupet av vatnet, der dammen er planlagt oppført. Det er i søknaden vist til at det ikkje er behov for ny vegutbygging som følgje av reguleringa. Dersom det blir gitt konsesjon til tiltaket, ber vi likevel NVE om å sette restriksjonar for helikopterbruk i hekkeperioden (februar-juni) av omsyn til hekkande rovfugl i området. Vi har registrert at Sweco gjennomførte feltarbeidet utanom hekketida for fugl, og deira rapport er derfor svært mangelfull på dette området. Fylkesmannen saknar her ei vurdering av Sætravatnet si betydning for fugl.

### *Regulering av Ljosvatn, Åmstadvatn og Øvre og Nedre Rundtjørn*

Ei regulering av Ljosvatn vil føre til ei oppdemming av myrområdet aust for vatnet. Fylkesmannen saknar ei vurdering av myrområdet si betydning for kryptogamar, insekt, edderkoppdyr og våtmarksfugl. Myra er ein del av eit økologisk nettverk av myrsystem i området, og vi saknar her ei heilskapleg vurdering av betydninga av bortfall av myra i denne samanheng.

Ved Åmstadvatnet er det i tillegg til etablering av dam planlagt opparbeiding av veg. Det må derfor reknast med meir anleggsaktivitet innanfor dette området. Det er dokumentert hekkande rovfugl så nært som 500 meter frå planlagde tiltak. Vi ber derfor NVE vurdere restriksjonar for arbeid i hekketida (1. februar- 30. juni) i nærleiken av Åmstadvatnet.

### *Generelle betraktningar*

Rapporten om det biologiske mangfaldet for influensområda som kan bli påverka som følgje av tiltaka er svak i vurderingane av områda si betydning for fugl, landinsekt og kryptogram. Som følgje av tidlegare vasskraftutbygging, har bekkekløft nedstraums inntaket til eksisterande Nedre Neset kraftverk redusert vassføring. Rapporten konkluderer med at det vil vere noko mindre vatn i bekkekløfta og nokre fleira dagar utan flaum som dersom reguleringane blir gjennomførte. Rapporten går ikkje inn på effektane tidlegare vassføring har hatt på det biologiske mangfaldet i bekkekløfta, kva for nokre verdiar som finst her eller effektar av ytterlegare fråføring av vatn. Dette må etter vår vurdering kartleggast nærare, slik at ei fastsetjing av minstevassføring òg i tilstrekkeleg grad tar omsyn til potensielle verdiar i bekkekløfta.

---

<sup>1</sup> Løset, F. og Ski, S. Biologisk mangfoldrapport for Østre og Vestre Neset Kraftverk, Lund kommune, Rogaland. Sweco rapport. 61 s.



Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Annette Fosså  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger